

Dr. Torgersen – distriktslegen i våre hjarte

Oddmund Torgersen, fødd 2. august 1896, kom som nyutdanna lege frå Nøtterøy til det store og vanskelege Stranda legedistrikt på Sunnmøre i 1924. Distriket var hardt råka av tuberkulose, og distriktslege Torgersen tok opp ein systematisk kamp mot sjukdomen og fekk han under kontroll. Han vart sett på som ein diagnosemeister; ein fagleg sterk, vennlig og medmenneskeleg lege som aldri sparte seg. Fru Aslaug Hanssen Torgersen frå Vinger og systra hennar, Ruth Hanssen, var trufaste medhjelparar. Alle tre vann dei seg rom i hjartet til bygdefolket frå første dag.

I 1959 fekk dr. Torgersen Kongens fortjenestemedalje i gull. Han var også heidersmedlem i ungdomslag og idrettslag. Med sine glimrande talegåver vart han ein inspirator for lokalsamfunnet. Etter 40 år tok dr. Torgersen avskil og reiste attende til Nøtterøy. Der døydde han 5. mars 1972, 75 år gammal. Distriktslege Oddmund Torgersen er gravlagd på Stranda, og det er reist bauta over han i Stranda sentrum.

Oddmund Sigurd Lund Torgersen (1896 – 1972) var berre 27 år då han kom frå Nøtterøy i det milde Vestfold og skulle ta til som einaste lege i eit vilt og veglaust fjell- og fjordlandskap i Møre og Romsdal og på Nordvestlandet. Stranda legedistrikt omfatta bygdene Dyrkorn, Stordal, Stranda, Helle-sylt, Geiranger og alle dei avsidesliggende gardane i fjellsidene langs Geirangerfjorden, Sunnylvsfjorden og ein del av Storfjorden. Den gongen budde det fleire hundre menneske på desse gardane, og dr. Torgersen var på sjukebesøk hos dei fleste. Det er knapt nokon person utanom eigen familie fjordfolket minnest med større kjærleik enn distriktslege Torgersen.

Oddmund Torgersen var fødd på garden Skjerpe, Nøtterøy, 2. august 1896. Faren, skipsførar Ole Torgersen frå Tenvik, omkom i 1915. Mora, Sofie Lund, var dotter til lærar Anders O. Lundh på Skjerpe. Bror til Oddmund, Ebbe, var også lege. Oddmund Torgersen tok over garden og pakta han vekk i 1932 (1). Dr. Torgersen hadde då budd åtte år på Stranda, og treivst godt. Den gamle odelsgarden på Nøtterøy vart eit årvisst sommarferiemål.

Bergljot Engeset
Våghalsen 12
0458 Oslo

Engeset B.

The dear Dr Torgersen and how he won the hearts of his rural patients.

Tidsskr Nor Lægeforen 2001; 121: 3578–81.

Born in 1896 at Notteroy in southern Norway, Dr Oddmund Torgersen arrived fresh out of medical school as district medical officer of Stranda, a big and difficult district on the west coast, which was severely hit by tuberculosis. Dr Torgersen systematically fought the disease and managed to contain it. He was considered a master of diagnosis, a professionally very able, compassionate and emphatic doctor who never spared any effort for his patients. His wife and her sister were always by his side. The three of them won the hearts of the people in the community from day one.

In 1959, Dr Torgersen was awarded the royal gold medal for meritorious service. He was an honorary member of the local Young People's Cultural Association and sports clubs; with his great eloquence he was an inspirational force in the community. After forty years of service, Dr Torgersen retired and returned to his native Nøtterøy where he died in 1972, 75 years old. He was buried in Stranda and a memorial was set up in his honour in Stranda's commercial centre.

Basert på boka om dr. Torgersen (9)



Oddmund Torgersen var distriktslege i Stranda frå 1924 til 1964. – Knapt nokon har gjort ein meir sjølvgløymande innsats i yrket sitt, sa fylkeslege Gørvel Dahll då distriktslegen i 1959 vart heidra med Kongens gull. Foto Karl Vassbotns arkiv

Det første møtet

Scena er kaia på Stranda ein vakker februar-dag i 1924. Nydokteren skal kome med rutebåten, og bygdefolket på kaia er spente på kva slags kar det er: «Ein ung og nybaka sprett, venteleg, med nasen i sky. Der stod han visst på dekket, huelaus og hutrande med ei bydame under armen. Å – jau. Pipa i munnen naturlegvis. Sjølvsagt måtte han helse på ordføraren, han hadde endåt hoppa om bord. Og der kom skipperen. No vanta visst berre presten, så var der nok ikkje fleire å helse på. Men skulle du sett på maken! Då paret gjekk i land, helsa dei forsyne meg på gud og kvarmann!» Det er lærar og hotelleigar Helge Hellebust som slik skildrar det første møtet mellom lege og distrikt (2).

«Bydama» nydokteren hadde under armen, var Aslaug Hanssen Torgersen frå Vinger – dokterfrua. Det ungeparet var nygift, vigde i Kongsvinger kyrkje ei veke før dei kom til Stranda. 27-årige Oddmund Torgersen, med medisinsk embeteksamen frå Kristiania i 1923 – hovudkarakter laud – og kortare praksisperiode som konstituert distriktslege i Edøy og Lyngdal, var den yngste distriktslegen som har vore i denne stillinga på Stranda. Seinare kom også Aslaug si twillingsyster, Ruth, og vart Torgersen sin gode medhjelpar. Dokterparet fekk ein son, Edgar, som var psykisk utviklingshemma.

Fann seg til rette

Dokterparet som steig i land på Stranda, hadde ikkje langt å gå før dei var «heim». Det var berre å rusle nokre meter opp mellom dei gamle buene og nausta, krysse allmenningen, så låg hotellet og doktergarden på eine sida og den vesle, kvitmåla Stranda kyrkje på den andre sida. «Frå første dag dr. Torgersen kom til Stranda legedistrikt fann han seg til rette i bygdemiljøet. Han vart eitt med folket sitt i lag og lyd, gledde seg med dei glade og syrgde med dei sorgfulle,» sitterer vi Stranda-ordføraren.

Historia om dr. Torgersen handlar ikkje berre om ein fagleg sterk, samfunnsengasjert, offerviljug distriktslege og 40 års framifrå offentleg helsearbeid. Historia om dr. Torgersen er like mykje ei kjærleikshistorie. Legen og medmennesket Torgersen løyste ut djupe og varme kjensler hos fjordfolket og eit mot til å uttrykkje desse kjenslene i skrift og tale. Sjeldan ser ein vakkre hyllingsord i lokalpressa enn dei som vart dr. Torgersen til del. Sjølv var folketalaren og poeten Torgersen aldri redd for blomstrande vendingar. Han var raus med å gi folk status som «min beste venn», og då ein av dei fylte

60 år, skreiv han i avisa: «Arbeid og strev alene klarer ikke å gjøre en mann gammel. Jens Rødset er et levende bevis for at ung *er* den og ung *blir* den som har ungdommens stjerner i sitt sind og ungdommens godhet i sitt hjerte» (3).

Forgjengarane

Frå 1861 utgjorde fjordbygdene Norddal, Stranda, Ørskog og Skodje Austre Sunnmøre lededistrikt, med legen, Christian Anton Kahrs (1833–93), busett i Ørskog. Han fekk m.a. trykt ei «populær Fremstilling af Skab og dens behandling» til bruk for innbyggjarane i lededistriket sitt. Elles var det sorpholene – avfallsdungane – rett utanfor stoveveggane Kahrs i stor grad førde kamp mot (4, 5). Både Kahrs og Einar Thesen (1847–1928), som kom til distriktet i 1877, vart sett på som svært dugande legar. Ørskog og Skodje var no skilt ut som eige distrikt, og Stranda gjort til sentrum for Austre Sunnmøre. Thesen vart buande på Stranda i 16 år, og blir siert i *Norges Læger*: «Livet har ikke været anderledes end for distriktslæger i sjø- og fjelldistrikter i almindelighet, af og til utsikt til at drukne, af og til anledning til at slaa sig ihjel» (6).

Dr. Svein Ruud Holtermann (1854–1916) kom til Stranda i 1904. *Norges Læger* rapporterer: «Storfjorden er også veirhaard, men siden han i 1904 anskaffede sig dæksbaad med motor, har han ikke været utsatt for nogen fare – uden ved sneskred, som er hyppige der. Til flere saakaldte strandgaarde er der meget brat vei, som specielt om vinteren kan være farlig at gaa for uvante» (6). Etter Holtermann var Martinus Alm (1868–1926) distriktslege i Stranda. Han var kjend for sine gode replikkar, og det lever mange anekdotar etter han. Etter å ha motteke eit av dei mange skriva frå det offentlege, utbraut han ein gong: «Det er visst departementet sin mening at vi leger skal sette oss til å add-ere i stedet for å kur-ere» (4).

Kvifor helt?

Det er mange grunnar til at dr. Torgersen i fjordbygdene er blitt ståande som sjølv symbolet på «helten i den kvite frakken». For det første var han her lenger enn nokon annan distriktslege. Han vart kjend med fleire generasjonar i same slekta og fekk godt innblikk i arv og sjukdomsdisposisjonar – noko som sjølv sagt kom «diagnosemesteren» til nytte. I dei 40 åra Torgersen var på Stranda, såg nabodistriktet Norddal ikkje mindre enn sju legar kome og gå. Dette førde til at Torgersen ofte også hadde Norddals-bygdene å ta seg av: «Konstituert som distriktslege i Norddal ble dr. Torgersen i Stranda som foretok en reise rundt hele distriktet hver fredag, og holdt mottakelse i alle bygdene», skreiv distriktslege Bø i medisinalmeldinga si for Norddal i 1960.

I 1931, medan dr. Torgersen var kandidat ved Vestfold fylkessykehus i Tønsberg, vikarierte Sivert Kvinnslund (1903–95).



Det var ei vakker, lita bygd dokterparet kom til i 1924. Hotellet og doktergarden på Stranda fremst til venstre. Foto Martin Ringstads arkiv

Medan andre distriktslegekapasitetar på den tida kanskje let etter seg større medisinske arbeid, brukte dr. Torgersen alt han hadde av tid og krefter i lokalsamfunnet. I ei tid det nesten ikkje fanst framkomlege vegar i distriktet, då langtfra alle hadde telefon og telefonstasjonen dessutan var nattestengd, kunne det å få fatt i ein lege som farta rundt i tre kommunar, vere meir enn problematisk. Då var det godt å vite at fekk ein først bodsend Torgersen, så kom han. Uansett tid på døgnet, vær og føre. Alvorlege sjukdomar og uvær hadde elles ei uforskbarleg evne til å kome samstundes. Då dei på den vesle fjell-

garden Åkernes ein vinterdag skulle varsle dr. Torgersen, måtte dei først ro til Hellesylt for å få telefonert: 12 kilometer kvar veg. Då Torgersen midt på natta nådde Åkerne-naustet og skulle ta seg opp dei bratte og glatte bakkane i snøkaven, fann Åkerne-karane det tryggast å slå eit tau rundt livet på den dyrebare dokteren. Og slik kom Torgersen til gards den gongen.

Medisinalmeldingane

Det var tuberkulosen som var største trugs-målet for helsa i distriktet i 1920-åra. Dr. Torgersen melder også om paratyfus, akutt



Dr. Torgersen med sine to kvinner, Aslaug og Ruth, og «sjåfør» Edgar i dokterhagen. Privat foto. Ukjend fotograf

poliomyelitt, skarlaksfeber og meslingepidemiar som til dels var vondarta med alvorlege komplikasjonar. Elles er helse-tilstanden i distriket god, seier han i den første medisinalmeldinga si: «Alkohol og tobakk er litet utbredt som nydelsesmidler. Folket er meget edrueelig og staar moralsk set høit.»

Etter krigen var det aukande krefttilfelle og poliomyelitt som uroa distriktslegen. «I årets to siste måneder hadde man i Sunnylven en forholdsvis stor epidemi av poliomyelitis acuta; 8 tilfeller. 6 av disse fikk mer eller mindre lammelser, 2 ble isolert i sykehus og en av disse avgikk ved døden. 2 fikk ikke lammelser, men hadde ellers alle kliniske symptomer på poliomyelitt. For å hindre videre utbredelse av sykdommen hadde man en tid møteforbud over hele Sunnylven,» skrev han i medisinalmeldinga for 1945. Også dyspepsi såg han meir av: «I de første måneder etter freden var det påfallende lite sykdom, utover høsten tok sykdomstilfellene atter til å øke. Nu var det ikke lenger dyspepsiene som dominerte, men de nervøse og neurastheniske lidelsjer ble mer og mer hyppige. Dette kan kanskje ha sin årsak i en viss avslappelse, en psykisk reaksjon, etter okkupasjonstidens harde påkjenning.»

Utdrag av tuberkuloseprotokollen viser at dr. Torgersen i 1924 behandla om lag 40 tuberkulopasientar, for det meste med lungetuberkulose, i distriket. Dei fleste tilfella var av eldre dato, men han oppdaga også mange nye tilfelle. I medisinalmeldinga si skrev han: «I det hele tatt synes det som om folkets motstandskraft overfor tuberkulose er forholdsvis liten. Årsaken til den nok så store utbredelsen av tuberkulose her i distriket, er visst nok hovedsakelig å søke i en hel del uoppdagede tilfeller av gammelmannstærting. Jeg har påtruffet flere slike kassus som tidligere har seilt under falsk flagg – bronchitis chronica. Men en del av skylden må nok også tilskrives de forandringer som i de senere år er skjedd i levemåte og klæderdrakt.»

På eige initiativ tok Torgersen opp ein systematisk kamp mot sjukdomen og fekk han under kontroll. I åra 1932, 1933 og 1934 – før det vart ytt offentleg tilskott til tuberkulinprøvar – gjorde dr. Torgersen gratisundersøkingar med pirquetprøven av alle vaksine i legedistriket. Også klinisk undersøking av alle pirquetpositive gjekk føre seg utan godtgiarsle. Distriktslegen personleg dekte òg innkjøp av tuberkulin og reiseutgiftene



Stranda legedistrikt strekte seg frå Dyrkorn til Stranda og inn fjorden til Hellesylt og Geiranger – om lag 3 500 menneske. Når han vikarierte for Norddals-legen, hadde dr. Torgersen også bygdene og fjellgardane heilt inn til Tafjord å ta seg av. Kartteikning Stranda Sogenenmnd

han hadde i samband med tuberkulinprøvane. Då kommunane i 1956 søkte om Kongens fortjenestemedalje i gull til Torgersen, opplyste dei at det framifrå arbeidet han gjorde i kampen mot tuberkulosen i distriket, var allment kjent og påskjona, og meinte elles at Torgersen si legegjerning hadde «strakt seg langt ut over de grenser som med rimelighet kan kreves, selv av en distriktslegen.»

Ikkje åleine

Distriktslegen var ikkje åleine om å utføre helsetenesta i bygdene. Rundt seg hadde han dugande, ansvarsbevisste einskildpersonar og lagsfolk. Dei nærmaste medhjelparane var dokterfrua og svigerinna hans, syster Ruth. Utan dei hadde han ikkje greidd alt som låg på han. Ruth døydde i 1953 og er gravlagd på Nordre Gravlund i Oslo. Det var dr. Torgersen som ordna med stein og innskrift: «Du ofret dig for andre.»

Distriktslegen samarbeidde også tett med Stranda helselag, tilslutta Nasjonalforeningen. Dei fekk til eit lite folkebad, skulebarnsundersøking og spedbarnskontroll, dei kjøpte ambulansebil og stod for drifta av Stranda sjukestove. Møteprotokollane for helseлага, idrettsлага og ungdomslaga i distriket fortel at dr. Torgersen var ein mykje nytta foredragshaldar i alle laga, og han vart

heidersmedlem i Stranda Ungdomslag og Stranda Idrettslag. Det blir sagt at han aldri sa nei når dei unge bad han om noko. Når Torgersen byrja ta ordet på tilstellingar, var det først og fremst folkehelsa han hadde i tankane. «Ungdom og sporten» og «Badingen og dens betydning for folkehelsen» var populære tema. Sjølv vart han tildelt Norges Svømmeforbunds Diplom for uegennyttig og oppoffrende arbeid for svømmesaken på Stranda.

Dokterbåten

Det var fjorden som i stor grad var dr. Torgersens veg til dei sjuke. Den frykta Sunnylvsfjorden tråla han i alt slags vær, dag og natt. Saman med dei trugne båtførarane sine trassa han steinsprang og snofonner, fjordis og nordvestkuldingar: «Den som rett vil kjenne captein Sivertsen, må ha sett ham på bruia i Sunnylvsfjorden i storm eller snøkave. Uredd, rolig og dristig gikk han fjorden i allslags vær. Om stormen hylte sin dødssang i riggen eller om snøkaven sto tjukk som en vegg, captein Sivertsen kom alltid fram» (7). Om «døkteren og kafteinen» finst det eit utal historier: Dei forliste, dei rende på

land, dei hamna i fonner og fjordis, dei krangla og vart venner att.

Den siste dokterbåten var Luna, med Olav Oksvik som skipper. Sonen, Sverre, var hjelmemann og hugsar mange strie tørnar: «Ein rutedag-tur til Geiranger og Hellestyt starta frå Stranda klokka 9 om morgonen. Etter å ha gjort det vi skulle i Geiranger, var vi gjerne på Hellestyt ved 18-tida. Då byrja kontordagen der. Stod det nokon og vinka på oss i Matvika eller på Åkerne, vart vi endå seinare. Heime att på Stranda var vi ikkje før 2–3 tida om natta. Og då hende det ofte at vi fekk bod om å leggje ut att så fort vi kunne. Ei natt var vi på tre slike ekstraturar til Stordal. Og klokka 9 stilte dr. Torgersen på kontoret på Stranda som vanleg. Han hadde heldigvis fått sove litt om bord i båten. Då far sette inn ny og større motor i Luna, fekk han kjeft av Torgersen. Båten gjekk fortare og brukte kortare tid på strekningane – og dokteren fekk mindre sovn!»

Festtalar og heidersgjest

«Når jeg ser tilbake på den tid jeg har virket her i Stranda lægedistriket, har det vært en eventyrlig utvikling på alle medisinens feltar. Tuberkulosen som sykdom er jo på det nærmeste utryddet over hele distriket. Vi har fått gransking av skolebarn hvert år, med

tuberkulinprøving av alle skole-søkende barn, og BCG-vaksinasjon av barn i 6. og 7. klasse. Vi har fått skjermilde-fotograferingen og diagnosestasjon i Ålesund. Vi har fått spebarns- og småbarnskontroll gjennomført i distrikts samtlige 3 herreder, og vi har fått årlig tilsyn med skolebarnas tenner. Alle svangre kvinner kommer nu jevnlig til kontroll. Komplikasjoner under svangerskap og fødsel er blitt meget sjeldne.

I over et år har vi nu hatt en fast ansatt kommunal helsesøster for hele distriktet. Idrettsplasser er blitt bygget. Ungdommen gis bedre og bedre høve til å drive de forskjellige greiner av kroppsøving. Ernæringen er blitt mye bedre, klesdrakten mer hygienisk og våre boliger lysere, luftigere, varmere og sunnere. Alle hygienens krav er blitt strengere, og resultatet er at folkehelsen stadig blir bedre. Har dere virkelig tenkt helt igjennom hva alle disse tiltak, hva alle disse goder innebefører?» Det var festtalen, dr. Torgersen, som ordla seg slik då Stranda sjukestove vart opna 17. mai 1956:

«For meg personlig som i ett distrikt har opplevet all denne grotid og utvikling, så er det hele som et stort og deilig eventyr.

Men det er ikke bare på det hygieniske området at tiden har gått fram. På det rent medisinske felt har det vært en like rivende utvikling med nye landevinninger. Vi har fått insulinet ved sukkersyke, leverpreparatene, sulfapreparatene og penicillinet ved infeksjonssykdommer. Hygienen, ja den medisinske forskning arbeider utrettelig videre med det formål å hjelpe syke og lidende mennesker. Med andre ord: å gjøre den enkelte frisk, sterk og glad, og gi hele folket sunnhet og lykke. Sjukestova skal ikke bare være et monument over det som er forbi, den skal ennu mer være fyrtånet, lyskasteren, viljens flammebluss inn i fremtiden, den store veiviser fremover mot alltid større oppgaver, mot alltid lysere mål, mot et større Soria Moria.»

Mønsterbygd

«Der er i distriket enkelte mindre fabrikker, men de beskjefte forholdsvis få arbeidere og er foreløpig av mindre betydning,» sa dr. Torgersen i første medisinalmeldinga si fra bygda som seinare skulle bli kalla «møbelindustriens vugge». Det var framveksten av det sunnmørske industrieventyret dr. Torgersen her fekk studere på nært hold. I løpet av få tiår skifte Stranda ham frå bondebygd til industristad. Bygda vart sett på som eit



Det strøymde på med blomsterhelsingar frå heile distriket då dr. Torgersen fylte 50 år. På biletet ser vi jubilanten mellom fru Aslaug og syster Ruth. Foto Karl Vassbotns arkiv

mønster, med god harmoni mellom jordbruk og industri og med eit næringsliv som var i rik vekst. Det største saknet galt vegsamband. Først i 1936 vart det veg over fjellet til Sykkylven, men til Hellesylt fanst ingen annan veg enn den bratte Ljøbrekka når fjorden ikkje var farbar.

«Visst har det letna med reisene etter at ein fekk brøytte vegar og bilskyss i staden for hest. Ein skulle likevel unne distriktslekja at vegen Stranda-Hellesylt snart vart ferdig. Det ville bli ein veldig lette for han,» sa ordførar Lillebø i 1949. Det skulle gå mange år før så skjedde, og for dr. Torgersen kom den etterlengta vegen i seinaste laget. Etter at Aslaug Torgersen døydde i 1960, hadde dokteren og Edgar vore åleine i doktergarden. Den gamle distriktslegen var trøytt og sliten og sjuk. Han utsette å søkje legehjelp, og tydde til eige medisinskåp når kreftsmarter og livssmerter skulle døyyast. I juli 1964 skriv fylkeslege Gjørvel Dahll til Helsedirektoratet: «Det mangler melding fra Stranda sjukestove. Tilsynslegen var syk og ute av stand til å avgje noen rapport. Nu er han reist fra distriket.»

Avskil

Ein februarveld i 1964 vart det halde avskilsfest for Torgersen på Dreges Turisthotell. Det folk fekk høve til å seie direkte til

han den gongen, er det same som blir sagt om han i dag. «Dr. Torgersen var ein kløppar til å stille diagnose, og var han i tvil, var vegen til sjukehuset ikkje lang,» sa tidlegare ordførar N.E. Ringset. Dåverande ordførar Reidar Skarbø sluttar sin tale slik: «Det mest vanlege ordet i dag er å *tene* mest mogeleg – men du ville heller *tene* andre. Det var ditt ideal.»

Det var ikkje mange dr. Torgersen hadde kontakt med etter at han kom tilbake til Nøtterøy. Familien var liten, nære omgangsvener hadde han ikkje. Han prøvde sjølv å stelle huset for seg og sonen, men vart etter kvart for sjuk og kom til Gipø pleieheim på Nøtterøy. Her låg han den siste tida etter han var stomioperert. Dr. Oddmund Sigurd Lund Torgersen sovna stille inn søndag 5. mars 1972, 75 år gammal.

Mange og djupfølte var minneorda som fylte avissidene etter at sørgejobbet om dr. Torgersens død nådde fjordbygdene: «Distriktslekjar Oddmund Torgersen vigde sine krefter i eit hardt distrikt si teneste. Det umenneskelige slitet sette nok etter kvart sine synberre spor på helsa. For oss i Sunnylven vaks lækjaren og mennesket Torgersen med åra – og med slitet. Vi vil alltid minnast Torgersen som den elskverdige,

milde og omgjengelege folkets mann han var – som menneske og mellom menneske» (8).

Etter eige ønske vart dr. Torgersen gravlagd på Stranda. Gravferda var 20. mars, og den vakkert pynta kyrkja var fullsett av folk frå alle bygdene i det gamle distriket hans: «Torgersen fekk etter kvart ein plass i folkesinnet som ingen annan i Stranda har fått,» sa sokneprest Helgesen i talen sin. I 1982 vart det reist minnestein over distriktslege Oddmund Torgersen i Stranda sentrum.

Litteratur

1. Unneberg S. Nøtterøy. Gårds- og slektshistorie. Nøtterøy. Oslo: Nasjonalbiblioteket, 1971.
2. Distriktslege O. Torgersen – 25 år i Stranda, Stordal og Sunnylven. Sunnmørsposten 11.2.1949.
3. Sunnmøringen 11.1.1947.
4. Kjølås G. Bygdebok II. Liv og lagnad. Stranda: Stranda Folkebibliotek, 1961.
5. Kjølås G. Ørskog gjennom tidene. Bd. I. Stranda: Stranda Folkebibliotek, 1964.
6. Kobro I. Norges Læger (1800–1908). Bd. II. Kristiania: Cammermeyers Forlag, 1915.
7. Dr. Torgersen. Sunnmøringen, 29.8.1946.
8. «Frå folket i Sunnylven». Sunnmørsposten 21.3.1972.
9. Engeset B. Dr. Torgersen. Oslo: Norsk kulturmiddling, 2001.